



Roy William Ottemo
Holsbergstien 6
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/4772 - 22/65836

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
31.08.2022

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 353/26 Bratshaug

Tiltak: Tilbygg og hagestove
Byggjestad: Gbnr: 353/26
Tiltakshavar: Roy William Ottemo
Ansvarleg søkjar:

Kommunen syner til søknad om tiltak utan søknadsplikt motteke 10.06.2022 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 28.06.22. Vi har motteke opplysningar frå Dykk 20.07.22, men ser at søknaden har framleis manglar og vert ikkje handsama før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon.

Vi ber om følgjande opplysningar:

1. Det er uklart om tilbygget til hytte skal utførast med flat eller saltak. På teikning nr.4, datert 22.05.86, viser du snitt av tilbygget med saltak, mens på andre teikningar fremstår tilbygget med flattak. Revidert snitteikning på tilbygg skal sendast inn.
2. På same teikning nr.4 av 22.05.86 står det at tilbygget har bruksareal på 16,5 m², mens du opplyser at arealet er på 14,8 m² på andre vedlegg og teikningar.
3. Det er uklart om alle naboar og gjenbuare har fått reviderte teikningar og situasjonskart med påført avstand til nabogrenser. Det må sendast til vedkomande.
4. Vi ber om målsatte teikningar på frittliggjande hagestove.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.09.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Roy William Ottemo

Holsbergstien 6

5918

FREKHAUG